



Landbruks- og  
matdepartementet



Norsk Kulturarv

---

# Den nasjonale kulturlandskapsprisen 2022

## INVITASJON

---

Til:

**Statsforvaltarane sine landbruksavdelingar, fylkeskommunane,  
bondeorganisasjonane og andre**



Norsk Kulturarv har teke initiativ til **Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen** og samarbeider med Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet om utvelgelsen av det beste prosjektet kvart år.

Statsforvaltarane sine landbruksavdelingar, bondeorganisasjonane og andre er forslagsstillarar til kandidatar til Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen.

Kandidatane blir vurderte etter følgjande kriterier:

- ❖ Det skal vera gjort ein ekstra innsats for kulturlandskapet
- ❖ Det skal bidra til heilheit og mangfald i/for kulturlandskapet
- ❖ Det skal bevare og synleggjera kulturlandskapet
- ❖ Det skal vera knytta til bærekraftig skjøtsel, aktivt landbruk og moderne drift av kulturlandskapet
- ❖ Det skal auke tilgjengelegheta for allmennheita til kulturlandskapet
- ❖ Det skal ha en læringseffekt om kulturlandskapet
- ❖ Det skal forankre norsk kulturarv i kulturlandskapet
- ❖ Det skal visast samanheng mellom natur og bygningar i kulturlandskapet
- ❖ Det skal visast samanheng mellom kulturlandskap og verdiskaping

Hensikten med å dele ut ein årleg nasjonal kulturlandskapspris er å –

- ❖ Bevisstgjera allmennheita på utfordringar i forhold til kulturlandskapsverdiar
- ❖ Auke kunnskapsnivået om kulturlandskapet
- ❖ Bevisstgjera miljøverdiane i kulturlandskapet
- ❖ Stimulere til å ta vare på og utvikle kulturlandskapet gjennom gode eksempler

Prisen er tidlegare tildelt:

- 2007 – Hjartdal kommune, Telemark og ordførar Olav Tho
- 2008 – Herand Bygdelag i Jondal kommune, Hordaland
- 2009 – Nordherad-prosjektet i Vågå kommune, Oppland
- 2010 – Vegaøyans Venner
- 2011 – Maridalens Venner
- 2012 – Historiske hager ved Marianne Olssøn og Ingeborg Sørheim, Ringsaker
- 2013 – Hauan Gard, Re kommune
- 2014 – Storfjordens Venner, Møre og Romsdal
- 2015 – Fruktbygda SA, Gvarv i Telemark
- 2016 – Ikke utdelt pris
- 2017 – Bøndene på Kvitsøy
- 2018 – Torhild Langklopp og Roar Svenning – Troningen gård på Stokkøya i Åfjord kommune, Trøndelag
- 2019 – Uttakleiv Grendelag, Vestvågøy i Lofoten, Nordland
- 2020 – Goarahat og Sandvikhalvøya utvalgte kulturlandskap, Porsanger i Finnmark
- 2021 – Reinert Kjølleberg, Vanse i Agder

Jury for årets pris er:

- Landbruks- og matminister **Sandra Borch** - Juryleiar
- **Bjørn Gimming**, leiar i Norges Bondelag
- **Kjersti Hoff**, leiar i Norsk bonde- og småbrukarlag
- **Jørn Rolfsen**, administrerande direktør i Landbruksdirektoratet
- **Hanna Geiran**, riksantikvar
- **Jørn Holme**, styreleiar i Stiftelsen Norsk Kulturarv

Prisen vil bestå i eit grafisk blad utført i tresnitt av Hans Normann Dahl samt 50 000,- kroner bevilga av Landbruks- og matdepartementet.

**Ber om at nominasjonane blir senda Norsk Kulturarv på eige skjema innan 1. mai.  
Postboks 26, 2684 VÅGÅ - [post@kulturarv.no](mailto:post@kulturarv.no)**

*Med beste helsing frå*

**STIFTELSEN NORSK KULTURARV**



Erik Lillebråten  
Direktør



THE BEST IN HERITAGE  
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK